

SAK 6. Kommer byråkratiet i veien for sikkerheten?

Styret inviterer årsmøtet til å fatte slikt vedtak:

Årsmøtet i Pelagisk Forening tek presentasjonen til avdelingsdirektør Lars Alvestad til orientering.

Årsmøtet er opptatt av at fiskarane skal ha best mogeleg sikkerheit. Årsmøtet er såleis nøgde med at Sjøfartsdirektoratet arbeider med å betra sikkerheita i næringa.

Årsmøtet opplever Sjøfartsdirektoratet som serviceinnstilt, og set øg pris på at Sjøfartsdirektoratet involverer næringa i sitt arbeid. Dette gjeld t.d. arbeidet med ballastkonvensjonen.

Årsmøtet opplever ofte at resultatet, av Sjøfartsdirektoratet, sine høyringar alt er bestemt når saker blir sendt på høyring. Årsmøtet har forståing for prosessen, men det er likevel eit problem at Noreg ofte har forplikta seg i internasjonale avtalar før fiskarane har fått uttalt seg om forslag om endring av regelverk.

Årsmøtet opplever øg at fleire endringar ikkje er relevante for norske tilhøve. Ressursane som går med til slike endringar kan fremja sikkeheita betre på anna vis. Dette både for direktorat og næringa.

Fiskarane må forhalda seg til mange offentlege instansar. Årsmøtet meiner at Sjøfartsdirektoratet bør sjå sitt regelverk i samanheng med andre offentlege instansar sine regelverk.

Årsmøtet meiner øg at rapporteringspliktene byrjar å bli vel omfattande. Dette kan ta merksemrd bort frå praktisk navigasjon m.m., og såleis gje svekka sikkerheit.

Årsmøtet meiner øg at sikkerheita kan betrast ved haldningsskapande arbeid, og vil gje uttrykk for at direktoratet gjerne kan fokusera endå meir på slikt arbeid.

Styrets forslag vedtatt.